



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

**Forvaltingsplan for
Grimstadvatnet naturreservat
Hareid kommune**



Rapport 2011:08

Framsidefoto. Oversiktsbilete av Grimstadvatnet. *Foto: Øyvind Leren*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

Rapport nr:

2011:08

Dato:

9. november 2011

Tittel:

FORVALTINGSPLAN FOR GRIMSTADVATNET NATURRESERVAT

Forfattar:

Åsmund Skålvik, miljøvernnavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:

Forvaltingsplanen for Grimstadvatnet naturreservat i Hareid kommune er den 02.11.2011 godkjend av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med heimel i «Forskrift om vern for Grimstadvatnet naturreservat og område med fuglelivsfredning m.v, Hareid kommune m.v.», av 16. desember 1983, pkt. VIII, jf. pkt. X.

Referat:

Grimstadvatnet naturreservat vart verna i 1983 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Formålet med vernet er å «ta vare på eit næringsrikt vatn med tilhøyrande delar av vassdrag og myrområde, og det tilhøyrande rike, plante- og dyrelivet, i særleg grad for å kunne verne om ein rik fuglefauna».

Naturreservatet omfattar Grimstadvatnet og nordre del av Snipsøyrvatnet med elvestrengen mellom desse, og myreal intil vatna. Reservatet har eit rikt fugleliv. Utfordringane framover vert å unngå gjengroing av myr- og våtmarksområde med framande artar og annan tre- og buskvegetasjon, slik at reservatet framleis er attraktivt for våtmarksfugl.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål og tiltak bør reviderast minst kvart 10. år.

| | |
|---|---|
| Emneord: Naturvern, forvaltingsmål, bevaringsmål, vegetasjon, skjøtsel fugl, våtmark, biologisk mangfold. | ISBN (Pdf - utgåve) 978-82-7430-217-4 ISBN (Papirutgåve) 978-82-7430-216-7 ISSN 1891-876X |
|---|---|

ulf lc

Ulf Lucasen
Seksjonssjef

Lindis Nerbø

Lindis Nerbø
Direktør miljøvernnavdelinga

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat

Innhald

| | |
|--|----|
| 1. INNLEIING | 7 |
| 2. NATURGRUNNLAGET | 8 |
| 2.1 Områdeskildring | 8 |
| 2.2 Eigedomsforhold | 9 |
| 2.3 Historisk bruk av området | 9 |
| 2.4 Naturfaglege verdiar | 11 |
| Fugle- og dyreliv | 12 |
| 2.5 Bevaringsmål | 15 |
| Bevaringsmål og tiltak for Grimstadvatnet naturreservat, VV00000625 | 17 |
| 3. BRUKARINTERESSER | 19 |
| 3.1 Verneforskrifter og brukarinteressene | 19 |
| 3.2 Landbruk | 19 |
| 3.3 Jakt og fiske | 21 |
| 3.4 Friluftsliv og rekreasjon | 21 |
| 3.5 Undervisning, formidling og forsking | 23 |
| 3.6 Bygg og tekniske inngrep | 23 |
| 4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK | 25 |
| 4.1 Skjøtsel | 25 |
| 4.2 Kartlegging av naturkvalitetane | 26 |
| 4.3 Informasjon og tilrettelegging | 26 |
| 4.4 Oppsyn | 27 |
| 5 SAKSHANDSAMING | 28 |
| 5.1 Forvaltingsstypesmakter | 28 |
| 5.2 Lovverk, føringar og forvalting | 28 |
| 6 PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD | 32 |
| 7 KJELDER | 32 |
| VEDLEGG | 33 |
| Vedlegg nr. 1 - verneforskrift | 33 |
| Vedlegg nr. 2 – flybilete Grimstadvatnet | 37 |
| Vedlegg nr. 3- artsliste for fugl i/nær Grimstadvatnet naturreservat | 38 |
| Vedlegg nr. 4 - karplanter ved Grimstadvatnet naturreservat | 44 |
| Vedlegg nr. 5: Samleskjema for tiltak i Grimstadvatnet nr i planperioden 2012 - 2016 | 45 |
| Vedlegg nr. 6: Saksbehandling av forvaltningsplanen for Grimstadvatnet naturreservat.... | 46 |

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat

1. INNLEIING

Grimstadvatnet vart freda ved kongeleg resolusjon av 16. desember 1983 med heimel i naturvernlova. Naturvernlova er no erstatta av naturmangfaldlova (NML). Grimstadvatnet ligg i Hareid kommune i Møre og Romsdal fylke. Etter dei vedtekne forskriftene for Grimstadvatnet er formålet med vernet definert slik:

"Føremålet med fredinga er å ta vare på eit næringsrikt vatn med tilhøyrande deler av vassdrag og myrområde, og det tilhøyrande rike plante- og dyrelivet, i særlig grad for å kunne verne om ein rik fuglefauna."

Rundt reservatet er det eit større areal på ca. 9500 dekar som ei kappe med fuglelivsfreding. Dette for ytterlegare å beskytte fuglelivet i reservatet. Det faglege grunnlaget for vernet er utarbeid av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i forkant av vernevedtaket i statsråd.

Denne planen skal vere eit hjelphemiddel i forvaltinga av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer om bruk, skjøtsel og informasjon. Planen skal òg utdjupe og konkretisere vernereglane for å sikre ein mest mogleg einsarta bruk og forvalting av verneområdet. Forvaltingsplanen er ikkje juridisk bindande, med unntak av der forvaltingsplanen syner til den vedtekne forskrifa for Grimstadvatnet naturreservat (*kursiv skrift*). Dette er første generasjon forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat.




Figur 1. Grimstadvatnet naturreservat er saman med Snipsøyrvatnet og Hjørungdalsvatnet viktige områder for fuglelivet. Kart frå DN sin naturbase.

Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleveling av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgiving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjør at all natur og alle arter har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar.

Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for

folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Grimstadvatnet er eit lite område i areal, men er eit særsviktig område for mellom anna fleire hekkande fuglearter og for andre fuglearter under trekk og overvintring. Plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange ytre påverkningsfaktorar. Å verne område som naturreservat etter naturvernlova (no den nye naturmangfaldlova, forkorta NML) gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet for framtida.



Figur 2 Grimstadvatnet naturreservat med tilgrensande fuglelivsfredingsområde. Kart fra DN sin naturbase.

2. NATURGRUNNLAGET

2.1 Områdeskildring

Grimstadvatnet naturreservat dekkjer eit areal på 991 dekar. Av dette utgjer rundt 541 dekar vatn, resten av arealet er fordelt på 92 da. lauvskog, 25 da. barskog og 1 da. blandingsskog. Anna jorddekt fastmark utgjer 39 da., 286 da. myr og 7 da. dyrka mark. All barskog er klassifisert som høg bonitet. Lauvskogen fordeler seg på 75 dekar høg bonitet og 17 dekar er klassifisert som impediment (produksjonsevne på mindre enn 0,1 m³ pr. dekar/år).

Lokaliteten er ein del av Hareidvassdraget og strekkjer seg frå utlaupet av Grimstadvatnet til og med nordenden av Snipsøyrvatnet. Sentralt ligg det grunne, vegetasjonsrike og næringsrike Grimstadvatnet med den stilleflytande Kaldholelva oppover mot Snipsøyrvatnet, samt dei flate myrområda i vestenden av Grimstadvatnet og begge sider av Kaldholelva. Sumpmarks- og vassvegetasjonen er frodig og svært artsrik, med fleire svært sjeldne og næringskrevjande arter. Langs myrkantar, vasskantar og elvesoner er det frodig krattskog og viersoner. Rundt nordenden av Snipsøyrvatnet finn vi grunne bukter og holmar, her er det òg litt planta granskog. Naturreservatet ligg i den opne og flate Hareidsdalen og er i sør og aust vesentleg omgitt av lyngmark og myr, langs nordsida hovedsakleg av dyrkamark og busetnad.

Topografisk ligg Grimstadvatnet i Hareidsdalen på 19 meter over havet. Snipsøyrvatnet ligg på 21 meter over havet. Bergartane rundt heile reservatet består av ulike gneisar og granittutformingar. Begge desse bergartsgruppene forvitrar seint, er næringsfattige og har relativ låg pH. Kvartærgeologisk finn vi marin strandavsetning i nord. I vest, sør og aust finn vi større og mindre område med myr og torvmark i ulik utforming. Området ligg i eit typisk kystklima. Eit oseanisk klima med milde vintrar og liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I Hareid ligg temperaturen på 0,5° C for januar. Gjennomsnittstemperaturen for juli er ca. 13° C. Hareid har ein årsnedbør på rundt 2000 mm i året, og over 100 mm i nesten alle årets månader, med unnatak av mai og juni.

2.2 Eigedom forhold

I følgje verneforskrifta omfattar det verna området følgjande Gnr/bnr: 41/15; 21; 47/1; 2; 5; 6; 7; 8; 9; 19; 20; 21; 23; 67; 48/1; 2; 4; 5; 10; 49/1; 2; 3; 6; 7; 9; 10; 16; 17; 50/8; 9; 51/5; 57/2; 4 og 21.

Vi har gått gjennom bruksnumra i det digitalt eigedomskart januar 2011 Det kan ha føregått samanslåing av bruksnummer utan vi har

klart å fange dette opp. Vi tek derfor
etterhald om at det kan vere feil i
eigdomskartet som vi har lagt til grunn.
Den vedtekne vernegrensa er merka i
terrenget etter kart som følgde
vernevedtaket i 1983. Nokre av
grensepunkta er feilmerka og vil bli justert i
planperioden. Miljøverndepartementet har
pålagd fylkesmannen å justere vernegrensa

ved utløpet av Grimstadvatnet, dette vil
påverke enkelte grunneigarar.





Figur 3 Vipa er endå å sjå i reservatet, men var tidlegare ein meir talrik gjest. Foto: Asbjørn Børset

2.3 Historisk bruk av området

Historisk har Grimstadvatnet naturreservat med områda rundt vore brukt av menneske som naturressurs i uminneleg tid. I delar av dei areala som grensar ned mot vatnet har det vore dyrka mark i mange hundre år, først og fremst på nordsida av vatnet. Går ein lengre tilbake i tid var det furuskogen som dominerte landskapsbilete rundt vatnet. Ein finn endå restar av store fururøter i myrene. På nokre av myrene i og rundt reservatet har det periodevis vore dyr på beite. I tidlegare tider var det også vanleg å hauste gras/starr på dei rikaste myrene, slike slåttemyrer utvikla ein særegen plantesamsetjing. I nokre av myrene har det vore uttak av torv til brensel. Desse myrhola blir i dag nytta til yngleområde for libellar og vassnymfer. Grimstadvatnet og Snipsøyrvatnet er og har vore rike fiskevatn, og Hareidselva er lakse- og sjøaureførande. Fiske har vore viktig både i elva og i vatna opp gjennom tidene.

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat



Figur 4 Eiendommar i reservatet

2.4 Naturfaglege verdiar

Den naturfaglege skildringa i planen er stort sett henta frå førearbeida til vernet, Direktoratet for naturforvaltning (DN) sin naturbase og tematiske rapportar utarbeidd i etterkant av vernet. Men vi har òg supplert med munnleg informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap. Aktuelle naturtypar etter DN handbok nr. 13 er; Fragmenter av kystmyr A08, Bjåstadmyrane. Rik kulturlandskapssjø E08, Grimstadvatnet. Kaldholelva er ikkje med i naturbasen som egen naturtype, men er eit viktig bekdedrag ut frå fleire kriterier

Grimstadvatnet er verdsett til prioritert naturtype A (svært viktig) fordi det er eit av dei mest velutvikla næringsrike låglandsvatn i fylket, med eit stort, velutvikla, artsrikt område. Bjåstadmyrane er blitt verdsett til C, lokalt viktig.

Frå DN sin Naturbase over prioriterte naturtypar finn vi følgjande; *Grimstadvatnet er eit forholdsvis grunt, næringsrikt og vegetasjonsrikt ferskvatn og sumpmarkområde. Vatnet er landskjent for sitt rike fugleliv med ei lang rekke artar. Det er eitt av dei få næringsrike låglandsvatna i fylket, og har ein variert vegetasjon, spesielt i vestre enden. Vatnet er til tider sterkt prega av forureining frå landbruket og kloakkutslepp frå byggefelt vest for vatnet.*

Heilt fram til byrjinga av 1990-talet var store deler i vestenden dekt av vassliljer. Desse er no redusert til eit fåtal individ pga. stor algeoppblomstring som har kvelt plantene.

Grimstadvatnet, med tilhøyrande våtmarkssystem opp langs Kaldholelva og til utesen av Snipsøyrvatnet, er ein sentral og klassisk våtmarkslokalisitet på Hareidlandet. Svært mange våtmarksfuglar hekkar, av desse mange regionalt og dels nasjonalt sjeldne artar (f.eks. av grasender og riksfugl). I tillegg er området viktig for våtmarksfugl til fødesøk og som rastepllass, bl.a. som samlingsplass for songsvaner. Også for småfugl har området stor verdi. Den biologiske produksjonen i våtmarksområdet er svært høg og med stor diversitet av planteartar.



Figur 6 Kvit nøkkerose var tidlegare meir utbreidd i Grimstadvatnet. Foto: Asbjørn Børset

Geografisk isolerte førekommstar av raudlisteartar er kjende herifrå og sjølv om dette mangfaldet har blitt noko forringa i seinare år, førekjem framleis f.eks. artar som hornblad og krustjønnaks. Forringinga av området skuldast både auka næringstilsig (frå kloakk, landbruksforureining) og inngrep, deriblant endring av vassløp både i innløpselva (Kaldholelva) og utløpselva. M.a. har den einaste kjende førekommsten på Nordvestlandet av den vakre augestikkeren blåvengevassnymfe sannsynlegvis blitt utsydde som følge av inngrepa i Kaldholelva.

Relling & Otnes (2000) har i si oppsummering av undersøkingar i vassdraget rekna groingssituasjonen i Kaldholelva som god, medan tilstanden vurdert ut frå bakterieinnhald var dårlig. For Grimstadvatnet tilsa innhaldet av fosfor og vassfarge dårlig tilstand her (undersøkt berre eitt år).

Kystmyr A08

Delar av landareala rundt Grimstadvatnet utgjer restar av myr i ulike gjengroingsfasar. I følgje Skog og landskap sin markslagstatistikk utgjer myr 286 dekar av det verna området. Myrane utgjer ein blanding av nedbørsmyr og jordvassmyr i naturreservatet. Låglandsmyr slik vi finn dei rundt reservatet utgjer nokre av dei nordlegaste førekommstane av myr i boreonemoral vegetasjonssone (edellauv- og barskogszone). Mange arter i vår flora og fauna har desse myrane som sin einaste levestad i heile eller delar av året.

Rik kulturlandskapssjø E08


Omfattar innsjøar i kulturlandskapet, kjenneteiknast av relativt næringsrikt vatn. Sjølv om noko av næringsrikdomen kjem som eit resultat av at vatna ligg i, og er påverka av kulturlandskapet. Naturtypen er viktig fordi den er av dei mest artsrike ferskvassførekommstane våre og er viktig leveområde for næringskrevjande planter og dyr i ferskvatn.

Viktig bekdedrag

Kaldholelva er ikkje registrert med eigen naturtype i DN sin naturbase. Elva bind saman Snipsøyrvatnet og Grimstadvatnet og huser ein av dei største populasjonane av elvemusling i Møre og Romsdal. Elva har frodig kantvegetasjon som gir skjul til fleire fugleartar, mellom anna vinteroppahaldsplass til fossekall.

Fugle- og dyreliv

Frå DN sin naturbase; (Folkestad 1976a, Fylkesmannen i MR 1982:) *Vatnet er særleg av interesse som hekkelokalitet, men for enkelte artar også som trekklokalitet og eventuelt overvintringsplass. Etter dei kriteria som er nytta, er førekomensten av 4 arter (alle hekkande) vurdert å vere av regional interesse og 16 arter (15 hekkande) av nasjonal interesse. Dette, saman med den særstotte hekkebestanden av mange artar og stor artsvariasjon av vassfugl, gjev lokaliteten spesielt høg, nasjonal verneverdi. Fuglefaunaen representerer eit typisk, næringskrevjande slettesjøsamfunn, med dei fleste, sørlege, kravfulle våtmarksartar i Noreg representert, blant anna 8 hekkande andeartar av 15 andeartar påviste, alle norske rikseartar regelmessig i hekketida, 12 vadefuglartar, ein heller stor fiskemåsekoloni med innslag av alle*



Figur 7 Dei grunne buktene og vikene i Snipsøyrvatnet er viktige for fuglefaunaen. Frå Norge i bilder.

dei andre måseartane som hekkar i fastlands-Noreg, og ein god bestand av fleire våtmarksavhengige småfuglartar, mellom anna sivsongar og sivspory. Det er kjent padde, stingsild, ål, laks og aure i vatnet. Sporadisk kan røye dukke opp i vatnet. Ein bør også nemne den store bestanden av elvemusling i Kaldholelva. Dette er ein av dei største i fylket. Det dreier seg sannsynlegvis om fleire 100.000 individ.

I tillegg er Kaldholelva ein av dei viktigaste overvintringslokalitetane for fossekall på Sunnmøre. Sjå vedlegg nr. 3 for fugleartar i og nær reservatet.

Truslar

Moglege truslar mot fuglebestandane kan vere komplekse og variere frå art til art. Mest sannsynleg ligg dei største negative påverknadene/truslane langt utanfor verneområdet sine grenser. Men det er viktig å halde kvaliteten til verneområde på eit nivå som tilfredsstilar krava til flest mogleg av dei artane som nyttar området gjennom året. Enkelte fuglearter krev opne areal for å hekke og for å føle seg trygge under søk etter næring. Minken utgjorde ein trussel tidlegare, men etter at oteren har etablert seg er minken borte. Men ein bør følgje med minkbestanden generelt, og for å halde bestanden av mink lågast mogleg bør ein stimulere til fangst av denne arten. Vi må heller ikkje undervurdere katten som fuglefangar i reservat nær tett busetnad.



Figur 8 Elvemuslingen set store krav til vassmiljøet. Foto: Bjørn Mejell Larsen

(K. Mork Soot, 2011) *På grunn av gjengroinga av bjørk i dei kringliggende myrane har enkelte fugleartar gått kraftig tilbake. Her kan nemnast den før så talrike heipiplerka, som ser ut til å vere nesten heilt radert ut. Når det gjeld måsar, hekkar nokre få par fiskemåse innanfor reservatgrensene på Bjåstad, og eitt svartbakpar. I Kaldholmyrane hekkar to svartbakpar. Ternene er heilt forsvunne som hekkefuglar der. Vipa og storspoven er gått kraftig tilbake. Dette kan kanskje også skuldast ein generelt sterkt tilbakegang av dei artane siste åra. Også raudstilk, enkeltbekkasin og strandsnipe har minka mykje. Om dette også er eit indirekte resultat av tørrlegginga av Hareidsmyrane (då Hareidselva blei kanalisert) og anlegg av ei golfbane i Bigset/Risemyrane er usikkert, men leveområda/næringsgrunnlaget for desse artane blei i alle fall kraftig redusert. Den mest påfallande tilbakegangen er at reservatet har svært få hekkande ender no. Tidlegare var der mengder av andekull å sjå. I Grimstadvatnet kom sannsynlegvis nokre få stokkandungar på vengane i 2010. Brunnakka er heilt forsvunnen som rugefugl i reservatet. Krikkanda er det litt å sjå av om våren, men siste åra har eventuelle hekkeforsøk mislukkast. I utkanten av reservatet, i Snipsøyrvatnet, hekkar nokre få par med siland. Grunnen til denne tilbakegangen botnar kanskje i fleire ting: Gjengroing av hekkeplassar, stor forandring av*

vegetasjonen i og ved vatnet, og ein aukande svartbakbestand, som det er blitt fleire par av rundt vatnet.

Vegetasjon

I naturbasen er det gjeve følgjande opplysningar om vegetasjonen under nasjonalt og regionalt viktige naturtypar. *Høgstorrsump, opne vassflater med flytebladvegetasjon, langskotvegetasjon og kortskotvegetasjon (O3, P1, P2, P3, P4).*

Artsfunn: Folkestad (1976a) har karplanteliste for vatnet. Flytebladvegetasjonen innheld tjønnaks, kysttjønnaks, grastjønnaks, rusttjønnaks, småtjønnaks, og truleg bendljtjønnaks, vidare flotgras, andemat og småpiggknopp. Elles er det kjent tusenblad, hesterumpe, klovasshår, storblærerot, gytjeblærerot, småblærerot og sverdlilje.

Bjåstadmyrane representerer ei intakt låglandsmyr og ligg delvis innanfor reservatet, myrane er verdsett til C (lokalt viktig). Vegetasjonen her er i følgje naturbasen: *Myra plasserer seg i ein overgangsfase frå Fattig fastmatte/tuemyr (K3 K2) til Skog-/krattvokse fattigmyr (K1). I den vestre enden med ein gradvis overgang til K4 (mjukmatte /lausbotnsmyr) mot Grimstadvatnet.*


Truslar

(K. Mork Soot 2011) *Botnen av Grimstadvatnet var tidlegare dekt av botnegras og brasmegras. Langs sidene var mykje flaskestarr, bukkeblad, elvesnelle og myrhatt. Frå Kaldholholmen til Bjåstad gjekk der eit breitt belte av kvit nøkkerose. Dette har endra seg kraftig på grunn av auka næringstilsig til vatnet, med det som resultat at det er mykje algevekst i Grimstadvatnet. Det mest merkbare av dette er at nesten alle dei kvite nøkkerosene er heilt forsvunne pga. overgjødsling. Berre fem – seks enkle planter er igjen i det før så mektige nøkkerosebeltet. Botnegraset og brasmegraset er sterkt redusert. Takrør har dukka opp på eit par plassar. Det mest urovekkande er at kjempesøtegras og dunkjevle er på sterk frammarsj i vatnet, og fortrengjer den opphavlege vegetasjonen. Også nokre mindre område av gul nøkkerose har kome inn.*

Bjåstadmyrane og Kaldholmyrane som tidlegare var opne myrar er i ferd med å gro igjen med bjørk og enkelte furutre. Dette fortrenger mange av dei opphavlege artane.



Figur 9 *Frodig vegetasjon langs Kaldholeva er gunstig for det biologiske mangfaldet. Foto: Åsmund Skålvik*



Figur 10 Bjåstadmyrane er prioritert naturtype av lokal verdi, men er trua av attgroing.

2.5 Bevaringsmål

Formålet med Grimstadvatnet naturreservat etter forskrifta kap. III er: *Å ta vare på eit næringsrikt vatn med tilhøyrande deler av vassdrag og myrområde, og det tilhøyrande rike plant- og dyrelivet, i særleg grad for å kunne verne om ein rik fuglefauna.*

Verneforskrifta skal konkretiserast mellom anna gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for naturreservatet. Bevaringsmåla viser i hovudsak kva naturtypar/kvaliteter ein ønskjer å bevare i verneområdet for å styrke verneformålet. I denne planen er naturtypane for Grimstadvatnet delt i tre kategoriar. For kvar naturtype er det definert eit bevaringsmål, sjå tabell 1. For alle vatn som er verna er det naturleg å sjå på kjelder som påverkar vasskvaliteten, sjølv om desse ligg utanfor det verna området. Fylkesmannen som forvaltingsstyremakt har inga myndighet utanom det område som er verna, men kan oppmøde andre forvaltingsorgan, kommunen og grunneigarar til å tenke på den totale belastning til vatnet og føre-var prinsippet i den daglege forvaltinga. For Grimstadvatnet er det naturleg å følgje med på utviklinga i vasskvaliteten og det å halde opne myrareal nær vatnet som er viktig for verneformålet.

For å kunne definere gode og målbare bevaringsmål må ein ha kunnskap om naturkvalitetane ein ønskjer å bevare. Ein må òg ha kunnskap om utviklinga av dei ulike naturtypane og artane over tid. Naturen er i endring både med og utan menneska sin påverknad. Eit forvaltingsmål bør derfor være å følgje opp den kunnskapen vi har om naturkvalitetane i det verna området. Det er òg avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk naturforvalting. Bevaringsmåla i denne planen kan verte justert når arbeidet med nasjonale standarar for bevaringsmål for ulike naturkvalitetar er ferdig.

Utrykk nytta i tabell 1.:

Mål nr.

Bevaringsmåla er fortløpande nummerert og knytt opp mot nummeret på verneområde. Mål nr. finn ein igjen på kartet over bevaringsmål.

Naturtype

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon innehold eit stort mangfold av naturtypar.

Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområdet skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte arter.

Tilstandsklasse

Tilstandsklasse er ei inndeling i god, middels eller dårlig. Dette fortel oss kva for tilstand naturtypen er i.

Overvaking

Med overvaking forstår vi her å føre kontroll/oppsyn med at naturtypen er i den tilstand som er ønskjeleg for å oppfylle verneformålet best mogleg.

Tiltak


Tiltak er det som er planlagd utført av praktisk arbeid for å oppfylle bevaringsmåla.

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat

Bevaringsmål og tiltak for Grimstadvatnet naturreservat, VV00000625

| Mål nr. | Naturtype | Tilstandsvariabel | Bevaringsmål | Overvaking | Tilstandsklasse | Tiltak |
|---------|----------------------------|-------------------------------------|--|---|----------------------------------|---|
| 1 | Viktig bekdedrag | Vasskvalitet | Kaldholelva skal ha ein vasskvalitet som tilfredsstiller elvemuslingen sine krav til reproduksjon. | Stikkprøvekontroll av elvemusling-bestanden. | God | Kartlegge negative tilsigskjelder til elva. Alle tiltak skjer i samråd med SNO |
| 2 | Rik kulturlandskapssjø E08 | Vasskvalitet, eutrofiering | Heile vassdraget skal behalde status som: God økologisk tilstand etter Vassdirektivet sine krav. | Feltobservasjonar i kombinasjon med flyfoto. | God | Redusere utslepp og avrenning i samsvar med forvaltningsplanen for vassregionen. |
| 3 | Ope myreal A08 | Attgroing | Minst 50 da av Bjåstadmyrane ned mot vatnet skal vere open myr. | Feltobservasjon i kombinasjon med ferske flyfoto. | Middels grunna gryande attgroing | Rydding av trevegetasjon, stimulere til beiting. |
| 4 | Rik kulturlandskapssjø E08 | Næringstilgang | God nok næring til sangsvanar om vinteren. | Feltobservasjonar av overvintrande songsvaner. | God | Ingen umiddelbart, men løpende overvaking. |
| 5 | Viktig bekdedrag | Næring/skjul | Bevare Kaldholelva som eit godt overvintringsområde for fossekall. | Feltobservasjonar av overvintrande fossekall. | God | Ingen umiddelbart, men løpende overvaking . |
| 6 | Viktig bekdedrag | Førekomst parkslirekne og hagelupin | Parkslirekne og hagelupin skal ikkje førekommme i naturreservatet. | Feltobservasjonar | Middels | Parkslirekne er forsøkt fjerna i Riseelva, hagelupin introdusert ved Grimstadvatnet. |

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat



Figur 11 Kart over bevaringsmåli Grimstadvatnet naturreservat

3. BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskrifter og brukarinteressene

Verneforskrifta er grunnlaget for kva som er tillate innanfor Grimstadvatnet naturreservat. I dette kapittellet (+ kapittel 5) vil dei aktuelle reglane i verneforskriftene bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene. Det vil i teksten bli vist til kapittel og punkt i verneforskrifta.

Verneforskriftene er bygd opp slik:

Kapittel IV i forskrifta gir ei oversikt/opplisting over kva aktivitetar som ikkje er tillate innafor verneområdet.

Kapittel V gjeld området med fuglelivsfredingsområde og vil ikkje ble nemnd her. Dette er i praksis ei jaktforbodssone, med unntak for kråke.

I kapittel VI går det fram kva for aktivitetar som er unnateke frå forboda i kapittel IV.

Kapittel VII er ein oversikt over kva aktivitetar fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode etter kapittel IV, og ikkje nemnt i kapittel VI eller gitt løyve til etter kapittel VII, er i utgangspunktet forbode.

Fylkesmannen kan likevel, etter søknad gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i naturmangfaldlova. § 48 i naturmangfaldlova erstattar no kapittel IX i forskrifta. Tolking av forskrifta er nærmere omtala i kapittel 5.2.

3.2 Landbruk

I nedslagsfeltet til reservatet er det i dag fleire produsentar innan landbruket. Alt arealet på nordsida av Grimstadvatnet er i dag dyrka. Det er i dag 6 bruk med storfe, 4 med sau, 2 eggprodusentar og 3 bruk som driv med hestehald. Nokre bruk produserer grovfôr for salg. Ei stor utfordring er summen av all avrenning av næringsstoff i nedslagsfeltet til vassdraget utafor det verna området. Det vert ikkje vinterlagra rundballar inne i verneområdet, men rundballar er lagra i nærområda med tilsig til det verna området. I tillegg vert òg slam og finpartiklar frå jordbrukskanalar og andre dreneringssystem tilført Grimstadvatnet og Snipsøyrvatnet. Fleire naturlege bekkar renn frå jordbruksareala og ut i verneområdet. I tillegg er det i samband med tidlegare dyrking òg teke grøfter og kanalar som er drenert ut i verneområdet, spesielt vest og nord i vatnet.

Ved framtidig nydyrkning i nedbørssfeltet til Grimstadvatnet bør dei ulike sektorstyresmakter vurdere totalbelastninga av næringssalt til vatnet. Bygging av fangdam i samband med vidare dyrking bør vurderast.

Bakgrunnen for forvaltingsmåla i planen ligg i dei vedtekne forskriftene for Grimstadvatnet, m.a. kapittel IV, nr. 1 som lyder: *All vegetasjon i vatn og på land er freda mot ein kvar form for skade eller øydelegging. Grasbrenning og anna rydding av markvegetasjon må ikkje førekomme.*

Framande arter for landsdelen kan på sikt øydeleggje den naturleg vegetasjonen i delar av verneområdet, og kan utgjere ein trussel mot leveområdet til fuglane og stadeigen vegetasjon dersom dei får setje frø og spreie seg. Verneforskriftene er ifølgje kapittel VI, nr. 2 ikkje til hinder for; *Drift og vedlikehald av eigendomar og anlegg, tilkomst til båtplassar og fiskerettar langs elvar og vatn. Nyanlegg og vedlikehald av dreneringssystem og driftsvegar gjennom reservatet, beiting og uttak av brensel må skje i samråd med forvaltningsstyresmakta.*

Kap. VI nr. 2 opnar òg for vedlikehald av eksisterande vollar. Med vedlikehald forstår vi det som å oppretthalde den vegstandarden som var på vernetidspunktet. Det må søkjast om dispensasjon dersom det er snakk om omlegging eller standardheving av vollar. Eventuelle uttak av brensel etter kap. VI, nr.2 skal samordnast med landbruksstyresmakta i Hareid kommune. Områda hogsten skal skje på skal merkast i terrenget eller på kart.

Endringane i landbruket dei siste tiåra med mykje mindre beiting har ført til gryande attgroing. Dette er eit problem for mange fugleartar som krev ope areal for å hekke. Det er ønskjeleg at det vert beita i reservatet for å halde gjengroinga i sjakk.

Dersom ein skal setje opp nye faste og flyttbare gjerde, må det søkjast om dispensasjon etter § 48 i den nye naturmangfaldlova. Dette gjeld òg for flyttbare gjerde for hesteheite og andre beitedyr. Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til beiting for å halde nede vegetasjonen, men det skal søkjast om løyve til å setje opp gjerde. Dette òg for at vi skal ha ein oversikt på kor det vert beita i reservatet.

Figur 12 Attgroing av tidlegare beitemark. Foto: Asbjørn Børset



Forvaltingsmål for landbruket

- Tilsig av næringssaltar til vassdraget uansett kjelde bør stoppast eller haldast på eit minimum.
- Stoppe attgroing av utvalde myrområde ved hogst/beiting.
- Stimulere til beiting for å halde gjengroinga i sjakk.
- Det er òg eit mål å halde strandsona mest mulig open for trevegetasjon.

3.3 Jakt og fiske

For naturreservatet gjeld følgjande reglar etter kap. IV, punkt 2; *Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf. § 3 i viltlova. Jakt, fangst, bruk av skytevåpen er forbode. Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate.* Vi gjer her merksam på at § 3 i viltlova er erstatta av § 15 i naturmangfaldlova av 01.07.2009.

Verneforskrifta opnar for jakt på mink etter kap. VI, nr. 3 i samsvar med viltlova sine forskrifter. Vi oppmodar jegerane å vise aktsemd overfor fuglearter som nyttar verneområdet til beite og overvintring. Bruk av laus hund under jakt på mink er forbode i naturreservatet. Arealet innafor verneområdet er teljande areal for tildeling av fellingsløyve på hjort.

Dette punktet opnar for bruk av skytevåpen villmink. Det vert oppmoda til å nytte slagfelle og ikkje skytevåpen ved fangst av mink. Elles gjeld viltlova og naturmangfaldlova med forskrifter der verneforskriftene ikkje er sterkare.

Fiske har tradisjonelt stått sterkt i heile vassdraget, og gjer det framleis i dag. I vatnet er det ein god aurestamme i tillegg til røye i Snipsøyrvatnet. Frå Hareidselva går både laks og sjøaure opp i vatna. Fiske langs Kaldholelva, i Snipsøyrvatnet og Grimstadvatnet ein viktig rekreasjon for mange. I følgje kap. VI, nr. 3 i forskriftena er vernet ikkje til hinder for; *fiske etter dei rettar som er tilknytte vassdraget.*

Bruk av motorbåt er forbode i Grimstadvatnet (under 2 km²), og krev spesielt løyve frå kommunen etter lov om motorferdsel i utmark. Eit slikt forbod er det ikkje i Snipsøyrvatnet.

Forvaltingsmål for jakt og fiske

- Det er eit mål å halde bestanden av villmink så låg som mogleg.

3.4 Friluftsliv og rekreasjon

Delar av områda rundt vatnet er mykje nytta til rekreasjon på sommartid (bar mark). Vatnet blir òg nytta til å gå på skøyter på i vinter med trygg is. Å gå på skøyter på isen er ikkje noko problem for verneformålet. Bruk av ATV og mopedar på is og frossen mark er eit klart brot på lov om motorisert ferdsel i utmark.



Figur 13 Toppand er ein triveleg gjest. Foto: Ola Betten

Hareid Rotaryklubb har utbedra ein sti langs Hareidselva og opp til Grimstadvatnet. Denne stien er det ønskje om å forlenge langs Grimstadvatnet. Dette arbeidet er starta opp både i austenden av vatnet og frå vest parallelt med Kaldholelva. Desse arbeida skjer utanfor reservatet og følgjer ei kabelgrøft som Tafjord Kraftnett har lagt for breiband. Breibandgrøfta kryssar reservatet på to stadar der det etter forskrifta er forbod mot ferdsel frå 1. april til 31.juli. Ein tursti er i seg sjølv positiv for folk sin bruk av naturen og i friluftslivs-samanhang. Men denne stien må leggjast utanfor naturreservatet. Det er eit generelt ferdelsforbod i delar av Grimstadvatnet naturreservat i tida 1. april til og med 31. juli. Forskrifta seier her at ferdsel i reservatet berre er tillate på merka stiar. Ein sti som har vore mykje brukt av mellom anna fiskarar er stien på sørssida av Kaldholelva. Denne stien kunne med fordel ha vorte rydda og merka som ein sti som kan nyttast òg i hekketida. Men unødig forstyrring av fuglelivet er uansett forbode etter kap. IV nr. 2 i verneforskriftene. Ein vil her presisere at det er bandtvang på hund heile året inne i verneområdet. Elles gjeld friluftslova med sine rettar og plikter i det verna området. I kva grad vatnet er nytta til bading er vi ikkje kjent med, men vi kan ikkje tru at dette er ein aktivitet som har eit slikt omfang at det påverkar verneformålet.



Figur 14 Gangbru ved utløpsosen til Grimstadvatnet. Foto: Asbjørn Børset

Forvaltingsmål for friluftsliv og rekreasjon

- Generelt skal fuglelivet uroast minst mogleg som følgje av ferdsel særskilt i område med ferdelsforbod i hekketida.
- Stien på sørssida av Kaldholelva kan ryddast og merkast som “lovleg” sti for fiskarar og turfolk generelt.

3.5 Undervisning, formidling og forsking

Det har over fleire ti år vore eit aktivt ornitologisk miljø på Hareidlandet med landskapet rundt om i Hareidsmyrane, Grimstadvatnet, Bjåstadmyrane og Hovdemyrane som kjerneområde for verksemda. Eit resultat av dette er detaljerte kunnskapar om fuglelivet i området. Mellom anna har det sidan 1965 vore ein omfattande ringmerkingsaktivitet her, både av hekkande fugl og fugl på trekk. Ringmerking er viktig i forvaltinga av fuglane, og er viktig grunnforskning. Ein av basane for ringmerking ligg ved Grimstadvatnet, heilt inn til og delvis i reservatet, medan den andre ligg langs vegen opp mot Hovden, rett på sørsida av Hovdemyrane. Det er ringmerka over 100 000 fugl i desse områda. Rundt 2 % av alle ringmerkte fuglar i Norge gjennom tidene er blitt ringmerkte her.

Informasjonstavler vil bli utarbeidd og sett opp. Det vil vere naturleg å setje opp informasjonstavler ved vanleg nytta utferdspunkt og parkeringsplassar.

Talrike skuleklasser og barnehagar har gjennom tidene fått vere med på ringmerking og studiar av m.a. flora og fauna i desse områda. Det skulle såleis liggje til rette for å lage ulike undervisningsopplegg gjennom heile skuleåret i verneområdet. Faglege tema finst både i vegetasjon, stillestående vatn, rennande vatn, brakkvatn, fugleliv, dyreliv og lokalhistorie. Skulane kan kombinere ekskursjon med bruk av informasjon om området på internett. Fagstoff om grimstadvatnet naturreservat finn ein mellom anna på naturfaglege internettsider som; www.dirnat.no, www.artsdatabanken.no, www.fmmr.no og www.miljostatus.no.

Vi gjer likevel merksam på at dette er eit verna område der det er forbode å skade og øydelegge vegetasjon, og at alt vilt er freda og ikkje skal uroast, kap. IV, nr. 1 og 2. Delar av området har òg ferdelsforbod i hekketida 01.april – 31.juli, sjå vedlagt kart.

Forvaltingsmål for undervisning, formidling og forsking

- Det skal setjast opp informasjonstavle om dei naturfaglege verdiane og kva reglar som gjeld i reservatet på eigna plassar.
- Det kan leggast til rette for undervisning og formidling innafor verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformålet.

3.6 Bygg og tekniske inngrep

Etter kap. VI, nr. 2 krev skal alle nyanlegg og vedlikehald av dreneringssystem og driftsvegar gjennom reservatet planleggast i samråd med forvaltingsstyresmakta.

Kapittel IV, nr. 3 i verneforskriftene lyder slik for naturreservatet;

Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, herunder oppføring av bygningar, framføring av nye luftleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for

tørrlegging, tilplanting, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, plassering av avfall og bruk av kjemiske plantevernmidlar. Inngrep som kan endre vasstanden i vassdraget ut over det som følgjer av kgl.res. av 13.mai 1977 for Grimstadvatnet, og dom for vassnivået i Snipsøyrvatnet. Senking, korrekjon og førebygging av Kaldholelva er ikkje tillate. Opplistinga er ikkje utømmande.

Det har vore gjort mange inngrep i innløp og utløpselvane til Grimstadvatnet opp gjennom tida. Fylkesmannen legg til grunn ein vasstand i Grimstadvatnet i samsvar med Kgl. res. av 13.05.1977, ogh dom for vassnivået i Snipsøyrvatnet. Endring av vasstand og elveløp har store negative verknadar på flora og fauna i reservatet.

Fleire kraftliner kryssar òg reservatet. Det er òg lagd ned ein breibandkabel som kryssar reservatet over enkelte strekkningar. Desse er omtalt i kap. VI. Nr. 4 i forskrifta. Reglane er ikkje til hinder for: *Drift og vedlikehald av kraftliner og telekablar så langt det ikkje gjeld endring i dimensjonar på leidningar, faseavstand og mastehøgd. Rydding av vegetasjon skal skje som del av skjøtselsplanen for området og i samråd med forvalningsstyremaktene. Luftspenn gjennom området skal vere merka av omsyn til fuglekollisjonar.* Vi vil særskilt gjere merksam på kraftselskapas plikt til å merke kraftliner med fugleavvisarar. Desse må òg ettersjåast og supplerast etter behov.

Eksisterande naust og hytte kan haldast i stand ut frå tilstanden på vernetidspunktet. Det vert ikkje gitt løyve til nybygg, påbygg eller tilbygg.

Løyve/dispensasjonar gitt frå forvaltningsstyremaktene:

- Direktoratet for naturforvaltning gav 2. desember 2003 Tussa Nett AS dispensasjon til framføring av 132 kV kraftline på nærlare vilkår som er skildra i vedtaket.
- Møre og Romsdal fylke gav 17. februar 2005 løyve til Hareid kommune om ein skånsam forbygging/plastring av Riseelva i samsvar med NVE sin flaumsikringsplan av 25.03.2004.
- Møre og Romsdal fylke gav 6. desember 2006, løyve til Magne Johan Larsen til nødvendig rydding av Riseelva og å sprøyte ein førekommst av parkslirekne langs elva.
- Møre og Romsdal fylke gav 23. mars 2009, løyve til Tafjord Kraftnett AS til å legge fiberkabel over delar av reservatet. Dette løyve vart oppheva av DN i skriv av 25.05.2009. Denne saka er såleis ikkje avslutta.

Då Norge har teke på seg eit særskild ansvar for områder som har stor verdi for ettertida, vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppmode Hareid kommune og grunneigarane til å vise varsemd også i randsona og nedslagsfeltet utanfor det verna området. Vi syner òg her særskild til NML § 49 “utanforliggende verksemd som kan føre til skade inn i eit verneområde”. Den nye plan- og bygningslova gir òg signal om å vise varsemd i randsona til verna område gjennom PBL § 11-8 omsynssoner og § 12-6 omsynssoner i reguleringsplan.

Forvaltingsmål for bygningar og tekniske inngrep

- Nye bygningar eller andre tekniske inngrep skal ikkje førekommme i reservatet.
- Ansvarleg for kraftlinenettet skal ettersjå og supplere fugleavvisarar på linenettet.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Skjøtsel

Formålet med vernet er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv innafor eit avgrensa område. Då dei kanskje viktigaste grunnane til at fuglebestandar har gått tilbake er tilhøva utanfor verneområdet, må eit forvaltingsmål vere å gjere livsmiljøet til fuglane best mogleg innan det verna området. På den måten tek ein vare på det potensialet området har for ulike fuglearter og at området igjen kan bli brukt av desse dersom bestandssituasjonen skulle betre seg.

Det må haldast oppsyn med strandsona langs vatna og elva, slik at søppel kan fjernast dersom det er naudsynt. På grunn av herskande vindretning frå sør-vest vil mykje søppel strande i den austre del av vatnet. Inne i reservatet er det nokre plassar planta gran, mellom anna i Snipsøyrdelen av reservatet. Det er eit ønskje at desse blir fjerna før dei tek til å setje frø og spreier seg. Attgroing av dei opne myrareala vil skyte fart i åra som kjem. Eit mål må vere å halde mest mogleg av myrareala opne. Då det er urealistisk å halde alt myreal ope kunne ein konsentrere seg om Bjåstadmyra. Her kan det vere aktuelt å inngå avtalar med grunneigarane om fysisk rydding av trevegetasjon før trea vert for høge.

Den 06. juni 2006 ble det gitt løyve etter kap. IX i vernereglane for reservatet til å sprøyte ein førekommst av parkslirekne langs Riseelva. Denne lokaliteten bør følgjast opp for å forsikre seg at arten parkslirekne ikkje spreiar seg i reservatet.

Alle skjøtselstiltak skal skje i regi av fylkesmannen og SNO. Gjennomføring av tiltak som medfører menneskeleg aktivitet, slik som gjerdning, rydding og hogst bør skje til tider på året der ein uroar fuglane minst mogleg. Heimel for skjøtsel i eit verneområde finn vi i naturmangfaldlova (NML) § 47.

Skjøtselstiltak

- Rydding av trevegetasjon på Bjåstadmyra
- Fjerne granplanting frå reservatet, samt parkslirekne langs Riseelva.
- Stimulere til auka bruk av reservatet til beiteareal.
- Rydding av søppel langs stredene og langs elva etter behov.

Sjå vedlegg nr. 5 med prioriterte tiltak.

4.2 Kartlegging av naturkvalitetane

Ei god forvalting krev kunnskap om naturkvalitetane som er verna og tilstanden på desse. Ei jamleg kartlegging av naturkvalitetane er naudsynt for å vurdere tilstand og moglege behov for tiltak/skjøtsel. Grimstadvatnet naturreservat er truleg det reservatet i Møre og Romsdal der vi har dei best dokumenterte naturfaglege data om fuglefaunaen. Dette takka vere lokale eldsjeler og Norsk ornitologisk foreining. Det er ønskjeleg at ein held fram med å overvake fuglefaunaen i reservatet for å fange opp moglege endringar. For på denne måten kan det setjast inn tiltak dersom det er naudsynt.

Det har òg vore gjort botaniske undersøkingar i reservatet. Dette er utført ar ulike personar og organisasjonar og er ikkje så godt tilgjengeleg for allmenta.

Saman med SNO har fylkesmannen hovudansvaret for kartlegginga/overvakkinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa av overvakkinga.

Tiltak for kartlegging av naturkvalitetane

- Overvake moglege endringar i fuglefaunaen i reservatet.
- Systematisere dei botaniske undersøkingane som er gjort i reservatet. Supplere desse dersom behov.

Sjå vedlegg nr. 5 med prioriterte tiltak.

4.3 Informasjon og tilrettelegging

Det vil bli utarbeid informasjonstavler for naturreservat i løpet av planperioden. Det er eit mål å setje desse opp på strategiske plassar rundt det verna området. Helst ved utgangspunkt for fotturar i eller nær reservatet. Etter kvart som ein får ny kunnskap om naturkvalitetane i reservatet bør ein vurdere om det er behov for meir formidling. Det bør òg setjast opp skilt med bandtvang på naturlege parkeringsplassar rundt det verna området. Naturreservatet er merka med grensemerke i knekkpunkt og verneskilt på strategiske plassar.

Alt informasjonsmaterialet skal utarbeidast av, eller i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. All ny tilrettelegging for ferdsel (stiar/bruver etc.) skal på førehand godkjennast av fylkesmannen. Dette er ikkje til hinder for at brukarar av området kan kome med eigne innspel til forvaltingsstyresmaktene både om tilrettelegging og behov for informasjon. Informasjon til publikum om dei viktigaste fugleartane i reservatet bør òg vurderast, gjerne i samband med eit fugletårn på ein eigna plass.

Grensemerkinga rundt reservatet er på enkelte stader sett feil i forhold til vernekartet. Dette bør rettast opp i løpet av planperioden.

Informasjons- og tilretteleggingstiltak

- Setje opp informasjonstavler om verneområdet på sentrale utferdslass.
- Setje opp skilt om bandtvang
- Justere grensemerkinga opp mot vernekartet der det er avvik.

Sjå vedlegg nr. 5 med prioriterte tiltak

4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturopsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområde etter naturvernlov-gjevinga i Noreg. Hovudoppgåva til naturopsynet er å sørge for at vernereglane for området vert følgde. I



tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og dei vert orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i fuglefredingsområdet. Heimel til å foreta oppsyn finn vi i § 63 i NML.

Figur 15 Oppsyn med næringstilsig til vassdraget er viktig.
Foto: Åsmund Skålvik

Statens naturopsyn har avgrensa politimynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturopsyn, og politimynde etter miljølovene; friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdsellova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvane etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i Grimstadvatnet naturreservat vert gjort i samråd med fylkesmannen og enkelte av tiltaka er nærmere presentert i denne forvaltingsplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyremakt bestillar av oppsynsoppgåver hos SNO.

5 SAKSHANDSAMING

5.1 Forvaltingsstyresmakter

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM) er forvaltingsstyresmakt for Grimstadvatnet naturreservat. Søknader om løyve/dispensasjoner etter verneforskriftene skal alltid sendast direkte til fylkesmannen.

5.2 Lovverk, føringar og forvalting

Naturvernloven frå 1970 blei oppheva då naturmangfaldloven av 19. juni 2009 blei vedteken. Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. 5 i naturmangfaldloven. Sjølv om hovudtrekka i naturvernloven er vidareført, er det gjort nokre endringar. Det er viktig å merke seg at prinsippa i NML kap. II om alminnelege reglar om berekraftig bruk og § 48, dispensasjon frå vernevedtak, gir føringar som skal nyttast ved sida av forskriftene til det enkelte verneområdet. Forskrifta for verneområdet går normalt føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneforskriftene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Formålet med verneområdet skal tillegast stor vekt ved fortolking av verneforskriftene. Enkeltvedtak skal tolkast i lys av det spesifikke verneformålet, og "føre var" - prinsippet skal tillegast vekt ved fortolking av verneforskrifta. Ved tvil om rettslege rammer i ei verneforskrift skal forskrifta tolkast innskrenkande.

Verneforskrifta for Grimstadvatnet naturreservat og område med fuglelivsfreding finn du som vedlegg nr. 1.

Forvalting av verneforskriftene

Eventuelle søknader om løyve/dispensasjon skal òg vegast opp mot dei allmenne reglane for berekraftig bruk i NML sitt kap. II i tillegg til NML sin § 48. Desse reglane kjem i tillegg til verneforskrift for Grimstadvatnet naturreservat. Avgjerd av ein søknad om dispensasjon frå ei verneforskrift vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltingsloven og kan klagast på.

Verneforskriftene endrar ikkje grunneigars rettar og plikter etter anna regelverk utan at det går fram særskilt av forskriftene. Forskriftene endrar til dømes ikkje grunneigaren sin rett til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på sin eigedom. Grunneigar kan likevel ikkje nekte forvaltingsstyresmakta motorferdsel på sin eigedom i samband med skjøtsel. Verneforskrifta kan innebere forbod eller innskrenkingar i grunneigaren, rettshavaren og publikum sin råderett, men kan ikkje gi vernestyresmakta eller det offentlege nokon særskilt råderett ut over det som følgjer av høve til skjøtsel etter regelverket.

Forvaltinga av verneområde skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltingsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding. Ein syner her til NML kap. IX om handheving og sanksjonar der DN er gjeve myndigkeit.

Forståing av unntak frå forskrifa

Kap VI i verneforskrifta listar opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon. Sjå forskrifa i vedlegg nr. 1 for den nøyaktige formuleringa.

Nr. 1 omtalar aktivitet av nasjonal karakter. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltingsstyresmakta.

Nr. 2 opnar for drift og vedlikehald av eigendomar og anlegg, tilkomst til båtplassar og fiskerettar langs elvar og vatn. Etablering av nyanlegg og vedlikehald av dreneringssystem og driftsvegar gjennom reservatet, beiting og uttak av brensel må derimot skje i samråd med forvaltningsstyresmakta.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er nokon næringsinteresser inne i sjølve reservatet. I den samanheng er det då lov om motorisert ferdsel i utmark som gjeld dersom det skal nyttast motoriserte kjøretøy.

Nr.3 opnar for jakt på villmink i samsvar med viltlova med forskrifter. Ved jakt på villmink bør slagfelle nyttast for å unngå å påføre dyra liding. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske. Skytevåpen kan ikkje nyttas etter kap. IV, nr. 2. med unntak av eventuell jakt på villmink.

Nr. 4 fastslår at drift og vedlikehald av kraftliner og telekablar er tillate så langt det ikkje gjeld endring i dimensjonar på leidningar, faseavstand og mastehøgd. Rydding av vegetasjon skal skje som del av skjøtselplanen for området og i samråd med forvaltningsstyresmaktene. Rydding av linjetraséar inne i reservatet skal i god tid før tiltaket sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal som forvaltningsstyremakt for reservatet. Ein skal leggje til grunn dei generelle tryggleikskrava for linjerydding. Elles skal ryddinga tilpassast tidspunkt på året (unngå hekke-og ynglesesong), behandling av felte tre (kan leggje att kvist og stokkar i skogsterreng, fjerne skatet frå myrområde) og evt. motorferdsel i samband med rydding og utfrekting av ved. Det må vere tett kontakt mellom netteigar og forvaltningsstyremakt om korleis vedlikehalDET av linjenettet skal gjennomførast. Luftspenn gjennom området skal vere merka av omsyn til fuglekollisjonar.

Kap VII omhandlar tiltak som fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Sjå forskrifa i vedlegg nr.1 for den nøyaktige formuleringa.

Nr. 1 Felling av vilt som gjer skade, i samarbeid med viltlova sine reglar og føreskrifter. Fylkesmannen kan ikkje sjå nokon kjente situasjonar der denne regelen kan nyttast med dei artane som nyttar reservatet i dag.

Nr. 2 Gjennomføring av tiltak for å hindre at Kaldholelva gjer skade ved graving. Søknadar om tiltak i og langs Kaldholelva må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Kap VIII opnar for at forvaltningsstyresmakta kan utføre skjøtselstiltak i det verna området. Skjøtsel skal skje etter plan, utarbeidd i samråd med grunneigarane. Dette tolkar vi som at tiltak forslått i denne forvaltningsplanen kan grunneigarane kome med merknadar til. Eller eigne innspel som kom tidleg i prosessen. Uansett skal skjøtsel vere med å bygge opp under verneformålet.

Dette kapitlet saman med den nye naturmangfaldlova § 47 gir òg løyve til bruk av motoriserte kjøretøy ved skjøtselstiltak i regi av forvaltningsstyresmakta.

Generelle dispensasjonsheimlar

Etter overgangen til naturmangfaldlova 1. juli 2009 gjeld no naturmangfaldlova § 48 i staden for den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifter som er eldre enn dette. Det betyr at saker om dispensasjon ikkje skal behandlast etter kap. VII i verneforskrifta for Grimstadvatnet naturreservat, men etter naturmangfaldloven § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i verneforskrifta kap. VI gjeld framleis.

Retningsliner for sakshandsaming.

Punkta under syner generelle retningsliner for all sakshandsaming som gjeld Grimstadvatnet naturreservat.

1. Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknader skal derfor først behandlast etter verneforskriftene før eventuelt anna lovverk vert vurdert.
3. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal sendast Direktoratet for naturforvalting via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseier at vedtaket kan gjerast om. Dersom forvaltningsstyresmakta opprettheld vedtaket skal klagen sendast Direktoratet for naturforvalting for endeleg behandling og vedtak.
4. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Hareid kommune, Statens Naturoppsyn (SNO) og Direktoratet for naturforvalting.

Behov for endring av forskrifta

Verneforskriftene for våtmark var av dei første verneforskriftene som vart vedtekne i Møre og Romsdal. Forskrifta er laga etter ein mal som på fleire punkt ikkje er i samsvar med nyare vernevedtak for naturreservat, og har behov for ei oppdatering og modernisering. Det er også manglar i eigedomsoversiktene. Dette vil fylkesmannen samordne med andre verneområde og handsame som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

Merking av grensa til verneområdet

Den juridisk gjeldande grensa for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5.000 datert Miljøverndepartementet 1983. Merking av vernegrensa med offisielle merkekuler i terrenget vart gjort av jordskifteverket/fylkesmannen med GPS-på nordsida av Grimstadvatnet, mellom

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat

Kaldholelva og Grimstadmyrane. Reservatskilt vart sett ned i alle andre knekkpunkt.
Oppmåling av knekkpunkta med GPS viste at fleire er feil plassert i høve til vedtakskartet.

6 PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD

Forvaltingsplanen for Grimstadvatnet naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedteken. Fylkesmannen er ansvarleg for rullering/revidering av planen, dette bør skje etter 10 år, første rullering innan år 2021. Fylkesmannen kan rullere planen før om det skulle synes seg naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse ligg føre, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.

7 KJELDER

Trykte dokument

- Artsdatabanken, 2010. *Norsk rødliste for arter 2010*.
- Artsdatabanken, 2007. *Norsk svarteliste 2007*.
- Direktoratet for naturforvalting, 2008. *Håndbok 17 – Områdevern og forvalting*.
- Folkestad, Alv Ottar, 1978. *Fylkesvis oversikt over ornitologisk viktige våtmarker i Norge*. Miljøverndepartementet
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982. *Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke*. A/S E.K. Hansen
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1978. *Ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge*. Miljøverndepartementet.
- Gaarder, Geir; Dag Holtan og John Bjarne Jordal, 2001 rapport 2001:2. *Kartlegging av naturtyper. Fylkestilpassa faktaark for Møre og Romsdal*. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Molde rapport 2001:2..
- Grimstad, Karl Johan og Kjell Mork Soot, 2003: *Kartlegging av biologisk mangfold i Hareid kommune*.
- Hareid kommune; Munnleg informasjon fra fleire kjelder.
- Hovde, Anders, 1990. *Jordbruksfagleg utgreiing i samband med erstatningssøksmål etter naturvernlova*. Rapport fra Jordforsk, Molde
- Norderhaug, A. 1991. *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*. Landbruksforlaget
- Norsk Ornitoligisk Forening: 2006. *Database for litteratur om fugl i Norge*.
- Soot, Kjell Mork, 2011. *Historiske utviklingstrekk rundt reservatet*.

Nettsteder

- Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase*. www.dirnat.no
- Lovdata, 2009. www.lovdata.no/
- Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelingen
<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=1566> .

VEDLEGG

Vedlegg nr. 1 - verneforskrift

Forskrift om vern for Grimstadvatnet naturreservat og område med fuglelivsfredning for deler av øya Hareidlandet, Hareid kommune, Møre og Romsdal.

Fastsatt ved kgl.res. av 16. desember 1983. Fremja av Miljøverndepartementet.

I.

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf. § 10, 21, 22 og 23, er eit våtmarksområde ved Grimstadvatnet med tilgrensande område langs Hareidvassdraget til Snipsøyrvatnet i Hareid kommune, Møre og Romsdal fylke, ved kgl.res. av 16. desember 1983 freda som naturreservat med namnet «Grimstadvatnet naturreservat». I medhald av § 14, 2. ledd i samme lov er det samstundes oppretta eit område med fuglelivsfredning for deler av øya Hareidlandet i Hareid kommune.

II.

Det freda området omfattar følgjande gnr./bnr.: 41/15, 21, 47/1, 2, 5, 6, 7, 8, 9, 19, 20, 21, 23, 67, 48/1, 2, 4, 5, 10, 49/1, 2, 3, 6, 7, 9, 10, 16, 17, 50/8, 9, 51/5, 57/2, 4 og 21.

Området med fuglelivsfredning dekker eit areal på ca. 10,4 km².

Naturreservatet dekker eit areal på ca. 934 dekar, av dette er omlag 547 dekar vatnareal.

Grensene for naturreservatet går fram av grenseskildring og kart i målestokk 1:5.000, dagsett Miljøverndepartementet november 1983. Grensene for område med fuglelivsfredning er vist på kart i målestokk 1: 20.000, dagsett Miljøverndepartementet november 1983. Karta og vernereglane vert oppbevarte i Hareid kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grenselinene for det freda området skal merkast i marka der dei går over land, og knekkpunktene bør koordinatfestast.

III.

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit næringsrikt vatn med tilhøyrande deler av vassdrag og myrområde, og det tilhøyrande rike plante- og dyrelivet, i særlig grad for å kunne verne om ein rik fuglefauna.

IV.

For naturreservatet gjeld følgjande reglar (jf. likevel pkt. VI og VII):

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot einkvar form for skade eller øydelegging. Grasbrenning og anna rydding av markvegetasjon må ikkje

førekomme.

2. Alt vilt, herunder hia, reira og eggja deira er freda mot alle former for skade, øydelegging og ikkje naudsynt uroing, jf. § 3 i viltlova.
Jakt, fangst, bruk av skytevåpen, samt slipp av hund er forbode.
Utsetting av vilt er ikkje tillate.
3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturlige forholda, herunder oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrelæring, tilplanting, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, plassering av avfall og bruk av kjemiske plantevernmidlar. Inngrep som kan endre vasstanden i vassdraget ut over det som følgjer av kgl.res. av 13. mai 1977 for Grimstadvatnet, og dom for vassnivået i Snipsøyrvatnet. Senking, korreksjon og forbygging av Kaldholelva er ikkje tillatt. Opplistinga er ikkje uttømmande.
4. Av omsyn til fuglelivet må all ferdsel i eit område avmerka på kart berre skje etter oppmerka stiar i tida frå og med 1. april til og med 31. juli. I denne perioden gjeld og ferdelsforbod i vegetasjonssonene i dei tilgrensande deler av Grimstadvatnet.

V.

For området med fuglelivsfredning gjeld følgjande:

1. Med unnatak av kråke er alle fugleartar, herunder reira, eggja og ungane deira freda mot jakt, fangst, skade og øydelegging av ein kvar art.

VI.

Reglane i pkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i tryggings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsføremål.
2. Drift og vedlikehald av eigedomar og anlegg, tilkomst til båtplassar og fiskerettar langs elvar og vatn. Nyanlegg og vedlikehald av dreneringssystem og driftsvegar gjennom reservatet, beiting og uttak av brensel må skje i samråd med forvaltningsstyresmakta.
3. Jakt og fangst av villmink i samsvar med reglar i viltlova og føreskrifter gitt i medhald av desse, samt fiske etter dei rettar som er tilknytta vassdraget.
4. Drift og vedlikehald av kraftliner og telekablar så langt det ikkje gjeld endring i dimensjonar på leidningar, faseavstand og mastehøgd. Rydding av vegetasjon skal skje som del av skjøtselsplanen for området og i samråd med forvaltningsstyresmaktene. Luftspenn gjennom området skal vere merka av omsyn til fuglekollisjonar. i samband med tillaten skogdrift.

VII.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som gjer vesentleg skade, i samsvar med viltlova sine reglar og føreskrifter.

2. Gjennomføring av tiltak for å hindre at Kaldholelva gjer skade ved graving.

VIII.

Skjøtsel som er naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga skal kunne utførast av forvaltingsstyresmakta eller den som forvaltingsstyresmakta avgjer. Skjøtsel skal skje etter plan, utarbeidd i samråd med grunneigarane.

IX. (Dette kap. går ut og blir erstatta av § 48 i naturmangfaldlova).

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsreglane når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege granskningar, arbeid av vesentlig samfunnsmessig verdi og i særlege høve når desse ikkje strir mot føremålet med fredinga.

X.

Forvaltninga av vernereglane er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

XI.

Den makt Kongen har etter § 10 til å fastsetje nærmere reglar om områda og skjøtselen av dei, etter § 21 om merking av fredingar m.m., etter § 22 om regulering av ferdsel og etter § 23 om å gjere unnatak frå fredingsreglane vert for desse områda overført til Miljøverndepartementet.

XII.

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldloven)

§ 48. dispensasjon fra vernevedtak

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Vedlegg nr. 2 – flybilde Grimstadvatnet



Vedlegg nr. 3- Artsliste for fugl i/nær Grimstadvatnet naturreservat

Etter liste av Kjell Mork Soot

| ARTAR | RAUDLISTA | MERKNADER |
|------------------|------------------|---|
| Alkekonge | LC | Eitt stormdreve individ funne i Grimstadvatnet |
| Amerikablesand | LC | Første funn i Noreg gjort her. |
| Amursvale | LC | Ein observasjon |
| Bandkorsnebb | LC | Kan dukke opp under invasjonsår |
| Bergand | VU | Sett mange år på hausttrekk |
| Bergirisk | NT | Kan sjåast i reservatet, men har siste åra gått kraftig tilbake |
| Bjørkefink | LC | Hekkar enkelte år |
| Blåmeis | LC | Vanleg hekkefugl |
| Blåstrupe | LC | Har hekka enkelte år |
| Bokfink | LC | Hekkefugl |
| Brunnakke | LC | Ikkje hekkefugl lenger. Opp til 50 rastar på hausttrekk. |
| Brunsisik | LC | Hekkefugl, men mindre hekking enn tidlegare |
| Brunsongar | LC | 1 individ fanga og ringmerkt. Første funn i Møre og Romsdal |
| Brushane | VU | Var tidlegare ofte å sjå på markene på hausttrekk, no sjeldan. 1 hekkefunn. |
| Buskskvett | LC | Hekkar, men i svært lite tal dei siste åra. |
| Bøksongar | LC | Konstaterer enkelte år arten på hausttrekk. |
| Dobbeltbekkasin | NT | Blir sett på hausttrekk, men sjeldan |
| Domspap | LC | Hekkefugl i nærmiljøet. Varierer i tal. |
| Dvergdykker | LC | Sett i trekktidene, mest om hausten. Har også overvintra. |
| Dvergfalk | LC | Sett i mindre tal |
| Dvergfluesnappar | LC | 1 individ fanga og ringmerkt. Første funn i Møre og Romsdal |
| Dverglo | NT | Ein observasjon i 1984 |
| Dvergspett | LC | Hekkar innanfor reservatgrensene |
| Dvergsporv | EN | Har enkelte år fanga arten under hausttrekk |
| Dvergvane | LC | 1 ind (av 5-6) skote 1880 (Svein Haftorn 1971) |
| Enkeltbekkasin | LC | Hekkar, men har gått dramatisk gått tilbake i tal |
| Fiskemåse | NT | Hekkar i reservatet i mindre tal. Fleire 100 par hekkar i Hareidsmyrane |
| Fiskeørn | NT | Var i 2008 og 2009 ofte å sjå fiskande i Grimstadvatnet. Hekka sannsynleg 2009. |
| Fjellvåk | LC | Mest sett i trekktidene i april, men talet er blitt mindre siste åra. |
| Flaggspett | LC | Observert dei fleste år. |
| Fossekall | LC | Hekkar, to par |
| Fuglekonge | LC | Hekkar i nærmiljøet |
| Fuglekongesongar | LC | 1 individ fanga og ringmerkt. Første funn i Møre og Romsdal |
| Furukorsnebb | LC | Kan dukke opp under invasjonsår. |

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat

| ARTAR | RAUDLISTA | MERKNADER |
|-----------------|-----------|--|
| Gauk | LC | Har kanskje større problem med å finne verftsuglar etter at heipiplerka er så godt som forsvunnen som rugefugl i reservatet |
| Gluttsnipe | LC | Nesten årleg på forbitrekk om hausten |
| Grankorsnebb | LC | Kan dukke opp under invasjonsår |
| Granmeis | LC | Hekkefugl. Synest talmessig å ha gått tilbake |
| Gransongar | LC | Hekkefugl. Nesten årleg, seint på hausten, blir sibirgransongar, <i>Phylloscopus collybits tristis</i> fanga inn. |
| Grønfink | LC | Hekkefugl i nærmiljøet. Varierer i tal. |
| Grønsisik | LC | Hekkefugl i nærmiljøet. Varierer i tal. |
| Grønspett | LC | Kan observerast enkelte år |
| Grønstilk | LC | Kan i svært sjeldne tilfelle dukke opp på hausttrekk |
| Gråflugesnappar | LC | Hekkefugl |
| Grågås | LC | Sett på trekk |
| Gråhegre | LC | Beitar der heile året. |
| Gråmåse | LC | Ofte å sjå. Minst 50 par hekkar i Hareidsmyrane |
| Gråsisik | LC | Hekkefugl enkelte år. Kan opptre i store mengder enkelte år. |
| Gråspett | LC | Kan observerast enkelte år |
| Gråsporv | LC | Hekkefugl i nærområdet. Har minka i tal |
| Gråtrast | LC | Tidlegare svært vanleg hekkefugl. Er nesten forsvunnen, sannsynlegvis pga at skogbotnen gror igjen. |
| Gulbrynsongar | LC | Fleire individ er fanga og ringmerkt |
| Gulerle | LC | Sjeldan på hausttrekk. Sørleg gulerle <i>Motacilla flava flava</i> hekka i vestenden av Grimstadvatnet i førstninga av 1960-åra. |
| Gulirisk | LC | 1 ind observert. Det første funn i Møre og Romsdal |
| Gulsongar | LC | Hekkefugl. Bestanden synest sterk dei siste åra. |
| Gulsporv | LC | Blir stundom sett utanom hekkesesongen. Har gått ut som hekkefugl. Siste hekkefunn på Hareid i 1965. |
| Hagesongar | LC | Hekkar i mindre tal |
| Hauksongar | CR | Enkelte ungfuglar blir fanga inn for ringmerking nesten årleg om hausten |
| Haukugle | LC | Blir enkelte år sett under invasjonsår. |
| Havelle | LC | Sett på trekk om hausten enkelte år |
| Havørn | LC | Er ofte å sjå heile året. Stort forbitrekk i mars |
| Heipiplerke | LC | Tidlegare svært vanleg hekkefugl. Er nesten forsvunnen pga gjengroing av bjørk |
| Hettemåse | NT | Hekka ofte tidlegare, opp til 200 par i sumpområdet Bjåstad. Hekkar sjeldan no. Kan også hekke i Hareidsmyrane enkelte år (Lomstjønna) |
| Hornugle | LC | Sett enkelte år. |
| Hubro | EN | Er enkelte år observert i reservatet utanom hekketid |
| Hønsehauk | NT | Kan sjåast i mindre tal heile året |
| Jernsporv | LC | Hekkefugl |
| Jordugle | LC | Sett enkelte år. Har hekka. |

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat

| ARTAR | RAUDLISTA | MERKNADER |
|---------------|------------------|---|
| Kiae | LC | Kan sjåast i mindre tal under haust-og vårterkk |
| Kanadagås | LC | Enkeltindivid dukkar opp stundom, helst om hausten. |
| Kattugle | LC | Hekkar i nærområdet |
| Kjernebitar | LC | Svært sjeldan |
| Kjøtmeis | LC | Vanleg hekkefugl |
| Knekkand | EN | Enkelte år på trekk |
| Knoppsvane | LC | 1-2 fuglar sett enkelte år. |
| Kongeørn | LC | Enkelte fuglar kan passere gjennom heile året. |
| Konglebit | LC | Ein observasjon |
| Kornkråke | LC | Svært fátalige observasjonar under trekket |
| Kortnebbgås | LC | Obs på trekk |
| Krikkand | LC | Tidlegare vanleg hekkefugl. Hekking ikkje konstatert på fleire år. |
| Krykkje | EN | Stundom observert i reservatet, mest om hausten |
| Kråke | LC | Vanleg hekkefugl. Gjer stor skade på hekkefuglen i reservatet |
| Kvartbekkasin | LC | Årleg på hausttrekk. Har også prøvt seg på overvintring |
| Kvinand | LC | Obs haust, vinter og vår. Hekkar ikkje. |
| Kvitryggspett | LC | Hekkar innanfor reservatgrensene |
| Laksand. | LC | På trekk, mest om våren. Meir vanleg å sjå siste åra. |
| Lappfiskand | VU | Nokre få observasjonar på hausttrekk |
| Lappsporv | LC | Spoardisk sett på vårtrekk |
| Lappspove | LC | Kan sjåast på forbitrekk om hausten, men sjeldnare enn før |
| Lauvmeis | LC | Hekkefugl. Synest talmessig å ha gått tilbake |
| Lauvsongar | LC | Hekkefugl. Talmessig er arten gått tilbake |
| Linerle | LC | Hekkar |
| Lirype | LC | Vinterobservasjonar i Kaldholmyrane |
| Låvesvale | LC | Hekkar i nærmiljøet. Beitar mykje i reservatet. Overnatting er ikkje konstatert siste åra. |
| Makrellterne | VU | Hekka tidlegare i reservatet. Forsvunnen som hekkefugl |
| Munk | LC | Hekkefugl. Har auka i tal. |
| Myrrikse | EN | I sjeldne tilfelle kan arten høyrast om sommaren |
| Myrsnipe | LC | Meir vanleg å sjå på hausttrekk tidlegare. No svært sjeldan pga gjengroing langs strendene |
| Myrsongar | LC | Eit lite forbitrekk årleg, mest i august. Første sikre funn i Noreg gjort ved Grimstadvatnet. |
| Møller | LC | Fåtalig hekkefugl i nærmiljøet. Årleg fanga på hausttrekk. |
| Måltrost | LC | Hekkefugl |
| Nøttekråke | LC | Kan sjåast når det er store invasjonar av sibirnøttekråke. |
| Nøtteskrike | LC | Spordiske observasjonar |
| Orrfugl | LC | Fåtalige observasjonar |
| Polarsisik | LC | Kan med års mellomrom dukke opp, spesielt under invasjonsår til gråsisik |
| Ramn | LC | Kan sjåast heile året |

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat

| ARTAR | RAUDLISTA | MERKNADER |
|-----------------|------------------|---|
| Raudhalevarslar | LC | 1 individ fanga og ringmerkt. 2. funn i Noreg |
| Raudnebbterne | LC | Hekka tidlegare i reservatet. Forsvunnen som hekkefugl |
| Raudstilk | LC | Hekkar, men har minka i tal. Berre 1 par hekka i 2010. |
| Raudstjert | LC | Hekkar i nærområdet |
| Raudstrupe | LC | Hekkefugl |
| Raudvengetrast | LC | Hekkar. Også rasen <i>Turdus iliacus coburni</i> (Islandsraudvengtrast) funnen. |
| Ringand | LC | Første funn i Noreg gjort her. Sett minst to gongar |
| Ringdue | LC | Hekkar i nærområdet av reservatet. |
| Ringtrast | LC | Blir mest observert på vårtrekket, spesielt viss snøen ligg i fjella |
| Rosenfink | VU | Har hekka i nærmiljøet fram til for to år sidan. Usikkert om han er gått ut som hekkefugl. |
| Rugde | LC | Hekkar i mindre tal |
| Rørsongar | LC | Eit lite forbitrekk årleg, mest i august |
| Sandlo | LC | Meir vanleg å sjå på hausttrekk tidlegare. No svært sjeldan pga gjengroing langs strendene. |
| Sandsvale | LC | Har ikkje hekka på Hareid siste par åra. Ein kunstig hekkeplass er no under bygging like ved reservatet, og vil vere klar til hekkesesongen 2011. Beitar ofte i reservatet, som har ein uvanleg stor insektbestand. |
| Sidensvans | | Kan sjåast dei fleste år, i trekktidene og/eller vinteren. Stor variasjon i tal. |
| Siland | LC | Hekkar, mest i Snipsøyrvatnet. Mindre hekkesuksess enn før. |
| Sildemåse | LC | Ofte å sjå i sommarsesesongen. Hekkar minst 80 par i Hareidsmyrane. Aukar |
| Sivhauk | VU | Fleire individ er gjennom åra obs, på hausttrekk |
| Sivhøne | NT | Obs på trekk enkelte år. |
| Sivsongar | LC | Hekkefugl. To faste revir i reservatet øydelagde pga menneskeleg aktivitet. |
| Sivsporv | LC | Tidlegare vanleg hekkefugl, men det verkar som om arten har minka i tal |
| Skjerpplerke | LC | Kan av og til sjåast i reservatet, spesielt om hausten |
| Skjor | LC | Vanleg hekkefugl. Gjer stor skade på hekkefuglen i reservatet |
| Skogdue | LC | 1 ind obs våren 1990 |
| Skogsnipe | LC | Kan sjåast på trekk, mest om våren |
| Smålom | LC | Sett i hekketida, men hekkar ikkje der |
| Småspove | LC | Nokre få observasjonar om hausten |
| Snadderand | NT | Sett sjeldan på trekk. Har hekka ein gong. |
| Snoespov | LC | Blir mest sett på vårtrekkt, men ikkje alle år. |
| Songlerke | LC | Forsvunnen som hekkefugl |
| Songsvane | LC | Overvintrande populasjon ca. 30 ind. Sett heile året pga hekking i distriktet. |
| Sothøne | LC | Kan overvintre. Stundom obs på trekk. |

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat

| ARTAR | RAUDLISTA | MERKNADER |
|------------------------|------------------|---|
| Sotsnipe | LC | Kan sjåast på forbindelse med trekk om hausten, men sjeldnare enn før. |
| Spettmeis | LC | Hekkefugl. |
| Sporvehauk | LC | Kan sjåast i mindre tal heile året |
| Sporveugle | LC | Blir enkelte år sett under invasjonsår. |
| Stare | NT | Hekkefugl. Har gått dramatisk tilbake i tal siste åra |
| | LC | |
| Steinskvett | LC | Observerast årleg. Også rasen grønlandssteinskvett <i>Oenanthe oenanthe leucorhoa</i> er funne i reservatet |
| Steppehauk | LC | Eitt individ fanga og ringmerkt |
| Stillits | LC | Kan dukke opp med års mellomrom. Den siste blei fanga og ringmerkt oktober 2010 |
| Stjertand | NT | På trekk av og til |
| Stjertmeis | LC | Hekkefugl. Talet på arten har auka siste sesongane |
| Stokkand | LC | Hekkar fåtalig |
| Storfugl | LC | Svært få observasjonar |
| Storlom | NT | Hekka fram til ca. 1960. Ikkje sett meir. |
| Storskav | LC | Sett på trekk, mest om hausten |
| Storspove | NT | Hekkar, men har gått tilbake |
| Strandsnipe | NT | Hekkar, men har minka i tal |
| Svartand | NT | Obs på trekk (sjeldan) |
| Svartbak | LC | Ofte å sjå heile året. 2-3 par hekkar i reservatet. Minst like mange hekkar Hareidsmyrane |
| Svartkråke | LC | Svært fåtalige observasjonar under trekket |
| Svartkvit flugesnappar | LC | Hekkefugl. Har minka i tal |
| Svartmeis | LC | Hekkefugl |
| Svartstrupe | NT | Har hekka, men arten har problem med å etablere seg pga enkelte strenge vintrar. Den sibirsk rasen <i>Saxicola torquatus maura</i> påvist for første gong i Noreg ved Grimstadvatnet. |
| Svartrast | LC | Hekkefugl. Bestanden i framgang |
| Svømmesnipe | LC | 1 individ obs på vårtrekk |
| Taffeland | LC | Sett nokre få, spesielt på vårtrekk. Lang tid sidan sist. |
| Taigatrast | LC | 1 individ fanga og ringmerkt i 1968. Første funn i Møre og Romsdal |
| Taksvale | LC | Hekkar i nærmiljøet. Beitar mykje i reservatet. |
| Tjeld | LC | Hekkar i mindre tal |
| Tjuvjo | LC | Kunne tidlegare sjåast då ternene hekka. |
| Toppand | LC | Overvintrar viss forholda er gode. Vanleg haust / vår. Hekkar enkelte år. |
| Toppmeis | LC | Enkelte ungfuglar dukkar opp på streif, gjerne i juli. |
| Tornirisk | LC | Enkeltindivid kan av og til dukke opp, men mange år mellom kvar gong. |
| Tornskate. | NT | Fleire ungfuglar fanga for lang tid sidan (tydde på hekking). Arten ikkje hekkefugl lenger. |
| Tornsongar. | LC | Hekkefugl. Har minka i tal dei siste åra. |
| Trane | LC | Dei siste åra er trana årleg sett på vårtrekk |

| ARTAR | RAUDLISTA | MERKNADER |
|--------------|------------------|--|
| Trekrypar | LC | Hekkefugl |
| Trepiplerke | LC | Kan enkelte år hekke innanfor reservatgrensene |
| Tundragås | LC | Sett på hausttrekk. Sjeldan |
| Turteldue | LC | Minst 1 observasjon gjennom tidene |
| Tyrkardue | VU | Sporadisk sett. Hekkar i nærmiljøet i mindre tal |
| Tårfalk | LC | Sett i mindre tal |
| Tårnseglar | NT | Kan observerast enkelte år |
| Vandrefalk | LC | Kan stundom sjåast på jakt |
| Vassrikse | VU | Årleg på hausttrekk, og overvintring. |
| Vendehals | LC | Forsvunnen som hekkefugl |
| Viersongar | LC | 1 individ fanga og ringmerkt. Første funn i Noreg. |
| Viersporv | EN | Sett ein gong på vårtrekk |
| Vipe | NT | Hekkar, men har minka katastrofalt |
| Åkerrikse | CR | Høyrt heilt inn til reservatgrensene. |

Forklaring til raudlistestatus: CR = Kritisk trua, EN = Sterkt trua, VU = Sårbar, NT = Nær trua, LC = Livskraftig



Figur 16 Bukkeblad er ein vanleg art i reservatet Foto: Asbjørn Børset

Vedlegg nr. 4 - Karplanter ved Grimstadvatnet naturreservat

| | |
|------------------|----------------|
| Amerikamjølke | Myrklegg |
| Andemat | Myrmaure |
| Bekkeblom | Myrmjølke |
| Bekkestjerneblom | Myrsauelauk |
| Bergrørkvein | Myrtistel |
| Blåtopp | Myrull |
| Brasmegras | Nordlandsstarr |
| Bredt dunkjevle | Paddesiv |
| Brønnkarse | Rappsliv |
| Bukkeblad | Rome |
| Byhøymol | Rund soldogg |
| Engforglemmegei | Rusttjønnaks |
| Engkarse | Rylsiv |
| Englodnegras | Rørkvein |
| Engsyre | Skogsnelle |
| Flaskestarr | Sløke |
| Flotgras | Slåttstellarr |
| Froskesiv | Slåttstellarr |
| Grasstjerneblom | Smal soldogg |
| Grastjønnaks | Smørtelg |
| Grov nattfiol | Småblærerot |
| Grøftesoleie | Småtjønnaks |
| Grønnstarr | Småvasshår |
| Grønnvier | Stautpiggknopp |
| Gråstarr | Stjernestarr |
| Gyteblærerot | Storblærerot |
| Hanekam | Strandvindel |
| Harestarr | Sumpblærerot |
| Hesterumpe | Sveltstarr |
| Hjertetjønnaks | Sverdlilje |
| Hvit nøkkerose | Sylblad |
| Kjempepiggnapp | Særbustarr |
| Kjempesøtegras | Sølvbunke |
| Klovasshår | Takrør |
| Knollerteknapp | Tettegras |
| Kornstarr | Timotei |
| Krattmjølke | Tjønnaks |
| Krypkvein | Tjønngras |
| Krypsiv | Trådsiv |
| Krypsoleie | Trådstarr |
| Kusymre | Tusenblad |
| Kysttjønnaks | Tusenfryd |
| Lyssiv | Vassgro |
| Markrapp | Åkersvinerot |
| Mjødurt | |

Kjelde: NTNU, Vitenskapsmuseet (2011) og A.O. Folkestad (1976)

Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat

Vedlegg nr. 5: Samleskjema for tiltak i Grimstadvatnet nr i planperioden 2012 - 2016.

| Tiltak | Prioritet | Utførande aktør | Kostnads-overslag | Finansiering | Fristar | Merknad/vurdering |
|---|-----------|------------------------------|-------------------|--------------|-----------------|--|
| Sette opp informasjonstavler på sentrale plassar. | Høg | SNO | | SNO | Snarast | Sjå punkt 4.3 |
| Justere grensemerkinga mot vernekartet. | Høg | | | DN | Snarast | Sjå punkt 4.3 |
| Avvirke granplantingar inne i reservatet. | Høg | SNO, grunneigar, entreprenør | | SNO | Snarast | Sjå punkt 4.1. |
| Rydde trevegetasjon på Bjåstadmyrene | Høg | SNO, grunneigar, entreprenør | | SNO | Snarast | Sjå punkt 4.1 og bevaringsmål nr.3 |
| Overvake vasskvaliteten i vassdraget | Høg | Fylkesmannen | | KLIF | Fort | |
| Fjerne framande planteartar som parkslirekne og hagelupinar | Høg | SNO, grunneigar, entreprenør | | SNO | | |
| Vegetasjonskartlegging | Middels | Setjast bort | | DN | I plan-perioden | Sjå punkt 4.2 |
| Rydde søppel etter behov | Middels | Skule, lag, foreining | | SNO | Etter behov | Sjå punkt 4.1. Bør bli eit årleg tilskott til skuleklasse/lag/foreining. |

NB: All skjøtsel føreset at fylkesmannen får årlege løyvingar over statsbudsjettet. Desse løyvingane blir kanaliserast gjennom Statens naturoppsyn, DN.. Utan løyvingar over statsbudsjettet får vi ikkje utført skjøtsel eller andre tiltak

Vedlegg nr. 6: Saksbehandling av forvaltningsplanen for Grimstadvatnet naturreservat

Høyring:

Forvaltningsplanen har vore på høyring til grunneigarar, organisasjonar, næringsaktørar og forvaltningsorgan i tida frå 07.07. til 31.08.2011. Høyringa vart kunngjort i lokalavisene 06. og 07.07.2011. Det kom 8 merknader til planen:

Tussa Nett AS ønskjer at planen skal fastslå at rydding under kraftlinjenettet skal skje slik at styresmaktene sine krav til minsteavstand mellom linje og vegetasjon til ei kvar tid vert oppretthalde, og dei ser ikkje korleis forvalningsstyresmaktene for naturreservatet kan overstyre dette kravet.

Kjell Mork Soot meiner at dei svartelista artane platanlønn og hagelupin bør nemnast i planen då dei spreier seg i reservatet. Han hadde også sett at rapporten om kartlegging av biologisk mangfald i Hareid kommune frå 2003 hadde vorte brukt i arbeidet.

Kjell-Peder Overvåg viser til at det har skjedd ei negativ utvikling i reservatet. Det har grodd att med skog, og fugleartar har gått tilbake. Han minner om motstanden frå familien sin mot vernet, og tykkjer vernet er eit makkverk som burde opphevast. Det må leggjast til rette for at folk kjem seg ut i områda. Landbruksdrifta er redusert, og grunneigarane treng hjelp til å rydde skog og busker langs elva og i myrane.

Kjell Grimstad undrast på om han kan rydde vegetasjon framom naustet sitt, slik at han får ut båten. Han peikar på at verneforskrifta pkt. VI, 2, opnar for dette, og protesterer dersom dette ikkje går an.

Dagfinn og Kari B. Vattøy har ein fritidseigedom gnr/bnr 49/21 ved Snipsøyrvatnet. Dei undrast på om dei er omfatta av vernet då eigedommen ikkje er nemnt i forskrifta, og korleis dei skal forhalde seg til at delar av eigedommen evt. ligg i reservatet. Dei ønskjer å utvide bygningsmassen og ta ut tilveksten av skog på eigedommen. Elles ser dei også tilbakegang i andebestanden.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor korrigerer ein del landbruksdata i planen. Dei tilrar oppreinsking av eksisterande bekkar og kanalar, og vil bruke beitedyr som utegangarsau og geit til å halde oppe Bjåstadmyra. Forskrifta må opne for bruk av skytevåpen til ettersøk av skada vilt.

Hareid kommune ser positivt på at det har kome ein forvaltningsplan, og ser ikkje at planen kjem i konflikt med kommunale planar, bortsett frå at eit framtidig alternativ for ny fylkesveg 61 kan krysse Kaldholelva med ei lågbru.

Møre og Romsdal fylkeskommune trekkjer også fram at eit framtidig alternativ for ny fylkesveg 61 kan krysse Kaldholelva i reservatet.

Fylkesmannen si vurdering:

Fylkesmannen er samd med Tussa Nett i at ein skal leggje til grunn dei generelle tryggleikskrava for linjerydding. Dette blir presisert i planen. Dei viktigaste faktorane ved dette arbeidet er tidspunkt på året for ryddinga, behandling av felte tre og evt. motorferdsel i samband med rydding og utfrakting av ved. Det bør vere tett kontakt mellom netteigar og forvalningsstyremakt om korleis vedlikehaldet av linjenettet skal gjennomførast.

Fylkesmannen vil ta med platanlønn og hagelupin i forvaltningsplanen, og det vil vere aktuelt med tiltak mot hagelupin og parkslirekne. Rapporten til Hareid kommune vil bli teke med i litteraturlista, men det er vanskeleg å innarbeide data frå denne i planen.

Fylkesmannen har også registrert gjengroing i reservatet og tilbakegang blant fleire fuglearter. Vi er samd i at det i mange høve trengst nye verkemiddel for å hindre ulemper som skuldast gjengroing etter nedlagt landbruksdrift. Beiting med t.d. utegangarsau kan vere eit effektivt tiltak.

Oppreinsking av kanalar og bekkar kan ha fleire ulike verknader. Det kan gje raskare gjennomstrøyming, men næringssalt og organisk stoff kan bli halde attende utan reinsking. Fylkesmannen ser også at det kan vere aktuelt med ettersøk etter trafikkskadd eller påskote storvilt i enkelte naturreservat. Grimstadvatnet har eit lite areal, men skadde dyr kan trekke mot myr og vatn. Dette kan vurderast som ein dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48, og vil då kunne gjevast til kommunen, slik at ettersøk i regi av kommunen kan gå føre seg innafor området.

Drift og vedlikehald av tilkomst til båtplassar kan skje utan hinder av verneforskrifta. Dette gjeld også fjerning av vassvegetasjon som hindrar utdraging av båt frå etablerte naust. Slik rydding bør skje omsynsfullt utan at ein fjernar meir enn naudsynt.

Drift og vedlikehald av eideommar og anlegg som fanst på vernetidspunktet eller har vorte gjeve løyve til i ettertid, kan skje utan hinder av vernereglane. Uttak av brensel frå reservatet må skje i samråd med forvalningsstyremakta. Dette kan gjennomførast som ein del av skjøtselen av reservatet, evt. at det vert gjeve løyve til uttak der dette ikkje har noko negativ verknad på reservatet. Generelt kan det vere positivt med uttak av biomasse i ein gjengroingsfase.

Kryssing av reservatet med ny fylkesveg er eit konfliktfylt tiltak som må vurderast konkret etter naturmangfaldlova § 48 i høve til verneverdiene og andre store samfunnsinteresser dersom det vert aktuelt.